



Driftssjef Vegard Eik (t.v.) i LAB Entreprenør AS vert overrekket pris med diplom som Årets beste riggsvarlege bedrift i 2019 i Bergensområde.

LAB Entreprenør AS i Bergen vart i går kåra til den beste riggsvarlege bedrift i 2019 i Bergensområde. Driftssjef er Vegard Eik (f. 1976) frå Uskedalen, no busett i Bergen. LAB Entreprenør med 200 tilsette har mange store byggeprosjekt i Bergen, mellom anna på Haukeland sjukehus. I grunngevinga for prisen vert det sagt at LAB Entreprenør ein aktør som syner ansvar og tilbyr arbeidarane gode brakkeforhold.

Bakgrunnen for kåringa er den såkalla Brakkeaksjonen der det i 2019 har vore 56 byggeplassbesøk, fem av desse på Vegard Eik si verksemd. Prisen vart overrekket på BUS 2 - på Barne- og ungdomssjukehuset Steg 2 av Jorge Dahl. Med på kåringa var Stein Ove Seljelid som er klubbleiar i LAB Entreprenør.

Vegard Eik er utdanna byggingeniør og har det siste tiåret hatt ansvaret for mange store byggeprosjekt i og omkring Bergen. Vegard er ein av mange arbeidsleiarar frå Uskedalen med viktige funksjonar i større bedrifter, mellom anna innan byggebransjen, maritime næringar og i oljenæringa,- offshore og på land.

Uskedalen.no vil i tida framover ha fokus og skriva om desse personane, men då treng vi hjelp med tips - namn, adresse, funksjon, ansvar og stilling. Send tips til: uskedalen.no@gmail.com

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Unionen fagforening